

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

6. Om staten ikkje går inn med medfinansiering, skal fylkeskommunen nytte reknapskapsmessig overskot 2020 til drift i skuleåret 2021/2022.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1, 2, 3, 4 med kulepunkt 2 og punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4 uten kulepunkt 2 fekk 41 røyster (Sp, MDG, 1U (Trym Aafløy), A, KRF, R, SV, V) og vart vedteke mot 24 røyster (2U (Hege N. Dale, Morten Klementsen), FNB, Frp, H, Pp). Syversen sitt forslag fekk 3 røyster (R, Pp) og fall.

Vedtak

Det vert ved protokolleringa av vedtaket retta følgjande: «Hovudutval for opplæring og kompetanse» vert bytta ut med «Fylkestinget».

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
 2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
 3. Fylkestinget viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.
4. Fylkestinget syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkestinget vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
 - Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.

5. Bakrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregående opplæring, får god nok oppfølging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Fylkestinget ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.